

Lindås kommune
Areal- og miljøavd.
Rådhuset
5914 ISDALSTØ

31.03.05

INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Utviding av eksisterande hytteområde på G.nr 84 br.nr. 4 - Kvalvågnes.

Som det tidlegare er informert om i brev til kommunen ligg det eit hytteområde på underteikna sin eigedom som er utegløymt i kommuneplanen som "eksisterande hytteområde". Hytteområdet vart etablert på 1970 talet og inneheld i dag naustområde med 4 naustetomtar med naust og 5 hyttetomtar der 4 er bebygd, samt parkeringsareal, vegar og stiar.

Slik området er utnytta i dag meiner underteikna det i tillegg er rom for frå 1 - 3 hyttetomtar (nummerert 1-3 i vedlagt kart) samt 1 nausttomt (nr. 4) og område for båtfeste/flytebrygge (nr. 5). Terrenget i området ligg til rette for at ein kan få til ei landskapsmessig skånsom utbygging med liten sjenanse for omgjevnaden. Sjølve vågen med hyttefeltet ligg skjerma frå Lindåsosane. Dei nye tomtane kan nytta eksisterande veg med ei utviding av parkeringsarealet som ligg innanfor feltet. Det har og moglegheit for tilkopling til det kommunale vassforsyningsnettlet via privat vassleidning som går like forbi. Avløpsmessig ligg feltet på vasskiljet mellom Lurefjorden og Lindåsosane med avrenning til Lurefjorden for størstedelen av arealet.

Det skal liggja føre ein tomtedelingsplan/utbyggingsskisse/plan frå utbygginga på 70 talet. Og noverande del av feltet er utvikla etter denne.

Underteikna bed om at denne utvidinga vert teke med i rulleringa av kommuneplanen dersom dette skjer i næraste framtid (denne kommunestyreperioden). Dersom kommuneplanen ikkje vert teken opp i sin heilskap med det første, bed eg om at det vert fremja ei sak om mindre endring/justering av planen på dette punktet.

Helsing

Nils Kvalvågnes

VEDLEGG:

1. Oversiktskart G.nr/br.nr 84/4, Mikkelvågen - Midtneset
2. Kart over eksisterande hyttefelt med naustområde med framlegg til endring i arealbruken i delar av området.

Ovesiktskart eksisterende hytteområde i Mikkelvågen

